



Statens vegvesen

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:
18/111266-3

Dykkar referanse: Vår dato:
18/1356 – 18/15667 04.06.2018

Uttale – Dispensasjon – Naust – Fv. 401 – gnr. 174 bnr. 24 – Totland i Lindås kommune

Statens vegvesen syner til brev mottatt 15.05.2018. Lindås kommune ber om uttale til søknad om dispensasjon for å etablere naust på gnr. 174 bnr. 24 på Totland i Lindås kommune. Frist for uttale er 12.06.2018.

Kva saka gjeld:

Søknaden gjeld oppføring av naust. Eigedomen er avsett til landbruk-, natur og friluftsføremål jf. arealdelen av kommuneplan for Lindås. Tiltaket treng dispensasjon frå plan.

Dersom Lindås kommune gjev løyve til tiltaket er det behov for eit avkøyrsløyve etter veglova.

Uttale:

Eigedomen har i dag avkøyrsløp frå fv. 401 ved Totland. Fartsgrensa på strekninga er 50 km/t og ÅDT (årsdøgertrafikk) er 200. Strekninga er klassifisert til *Haldningsklasse 4* jf. *Rammeplan for avkøyrsløp og byggjegrænse langs riks og fylkesvegar i Region vest (2017–2020)*. Dette betyr at vegen har funksjon som lokalveg og at ein vanlegvis gjev løyve til utvida bruk av avkøyrsløp dersom dei tekniske krav til utforming er innfridd.



Vegbilette av avkøyrsla.

Vi har ikkje vore på staden og kontrollert avkøyrsla. Ved søknad om ny eller endra bruk av avkøyrsløp, er vi særleg opptatt av at det må vere gode siktforhold. Sikta skal vere tilpassa

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

fartsgrense, ÅDT og antal brukarar i avkøyrsla. Vidare vurderer vi svingradius og helling i avkøyrsla.

Vi har vurdert forholda på staden ut i frå vegbilete og kart. Etter ei samla vurdering av tilhøva på staden meiner vi det kan påreknast eit avkøyrsløyve dersom våre krav til utforming av avkøyrsla vert innfridd. Eit slikt løyve kan medføre krav om utbetring av avkøyrsla.

Sluttord:

Dersom Lindås kommune gjev dispensasjon til oppføring av naust på gnr. 174 bnr. 24 må det sendast inn søknad om avkøyrsløve som er i samsvar med kommunen sitt vedtak.

Plan og forvaltning, Bergen
Med helsing

Kari Elster Moen
faggruppekoordinator

Tone Bøyum
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.